




# Tilråding til Miljødirektoratet om vern av skog i Vestland

Frønningen naturreservat i Lærdal kommune, Vestland  
Juni 2024



# Innheld

FORSLAG .....	3
Heimelsgrunnlag .....	3
Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget .....	3
Andre interesser .....	5
SAKSHANDSAMING .....	7
Sakshandsamingsprosessar .....	7
Forholdet til utgreiingsinstruksen .....	7
Forvaltningsstyresmakt .....	8
VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN .....	8
Geografi .....	8
Verneforskrifta .....	9
Namn .....	9
FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR .....	10
Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar .....	10
Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar .....	10
Avvegning skogvern – skogbruk .....	11
Forvaltningsmynde .....	12
Skildring av Frønningen, med merknader .....	12
Inngrepsstatus og andre interesser: .....	14
Samandrag av høyringsinnspela: .....	14
Kommentar frå Statsforvaltaren: .....	16
Namn .....	17
Avgrensing .....	17
Verneforskrift .....	18

# FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestland tilrår vern av Frønningen naturreservat i Lærdal kommune i Vestland fylke i medhald av naturmangfaldlova. Tilrådinga omfattar 17 238 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 7155 dekar, og av dette er om lag 7123 dekar produktiv skog. Frønningen naturreservat vil grense til UNESCO sitt verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap og eksisterande verneområde.

## Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått vernet i medhald av naturmangfaldlova § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfaldlova § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfaldlova § 33, mellom anna bokstavane

- a (*variasjonsbredden av naturtyper og landskap*),
- b (*arter og genetisk mangfold*),
- c (*truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter*).

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire [nasjonale mål](#) (sitat på bokmål):

- *Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner.*
- *Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen arter og naturtyper skal utslettes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres.*

Opprettig av eit verneområde på Frønningen bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområde-nettverk, jf. òg naturmangfaldlova § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep gir verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 33 bokstav a, b og c. Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

## Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det tilrådde verneområdet dekker eit uvanleg stort område med særskilt gammal skog. Frønningen ligg også tilgrensande både naturreservat og landskapsvernombjørn med verdsarv. Vern av skogen på Frønningen bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det tilrådde verneområdet dekker store og urørte naturområde. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten blir den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna estimert til å vere om lag 70 tonn

karbon per hektar. Verneverdiane på Frønningen er knytt til storområdekvalitetane og den høge alderen på skogen, i tillegg husar området raudlista artar og knyter gamalskogen saman med eksisterande verneområde med verdsarvstatus. Frønningen vil kunne bidra til å fylle manglar i vernet, spesielt på store område og gammal skog, samtidig vil området vil bidra til å bevare trua og nær trua artar og halde viktige karbonlagre intakte for framtida.



*Figur 1 Vi tilrår vern av Frønningen som naturreservat. Området er uvanleg stort og vil kunne bidra til å halde området intakt og utan inngrep. Frønningen grensar til verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjord-området. Foto: Rådgivende biologer v/ Conrad Blanck.*

Tettstaden Frønningen er ei grend med mellom 6 og 12 innbyggjarar, avhengig av sesong. Bygda ligg på sørsida av Sognefjorden. Det tilrådde arealet for skogvern ligg høgare i terrenget, på eit platå, og den nordlege delen av kandidatområdet strekk seg ned mot fjorden. For å kome til Frønningen tek ein ferje eller båt frå Kaupanger på den andre sida av Sognefjorden. Rundt kandidatområdet, langs dei eksisterande verneområdegrensene, ligg verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Bleia-Storebotn landskapsvernombanen startar eit stykke over tregrensa, og i utgangspunktet skal frivillig skogvern dekke skogkleddde areal. Gjennom forhandlingar mellom Norskog og staten har vi likevel kunne trekke grensa for kandidatområdet opp til grensa for landskapsvernombanen, slik at det blir eit samanhengande område med vern tilgrensande verdsarven på fleire sider. Ein større del av kandidatområdet for frivillig skogvern er difor, i tilfellet Frønningen, utan skogdekning.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå naturbase, der kjeldene mellom anna er frå:

- Eilertsen, L., C. Pötsch, C. J. Blanck, T. Bjelland, P. G. Ihlen Og L. Vassvik, 2021. Naturfaglige registreringar av områder i skog tilbuddt for frivillig vern i 2020. Agder,

Møre og Romsdal, Rogaland, Troms og Finnmark og Vestland. [Lenkje til rapporten er her.](#)

- Thun, T. & Svarva, H. 2020. Analyse av boreprøver fra furutrær på Frønningen. NTNU Vitenskapsmuseet. Nasjonallaboratoriene for datering, Dendro/15-2020, 4 s.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir føreslått verna, dersom det ikkje blir verna, er mest sannsynleg hogst, energiutbygging og utbygging av skogsbilvegnettet. Vern av området skal sikre areal med viktige vernekvalitetar, bidra til å fjerne disse negative faktorane og bidra til å dekke manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring levestaden for at truga, sårbare og sjeldne artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett er vurdert å ha litra påverknad på verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane vert svekka. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering. Tiltakshavar skal betale der det ut frå omsynet til verneverdiane er verneregler om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som er i samsvar med verneforskriftene vidareførast. Disse vil i liten grad ha negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt ikkje vesentlege inngrep i området.

Vi vurderer det slik at vernet vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Vi har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter vår oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærmare skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen på side 11. Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

## Andre interesser

### Kraft og energi:

Rett vest for verneområdet er det ei eksisterande 300 kV-kraftlinje mellom Aurland og Sogndal, eigd av Statnett. Denne kryssar Sognefjorden i det som tidlegare var verdas lengste fjordspenn. Denne skal etter kvart rivast og traseen blir frigitt for naturleg gjengroing. Parallelt med den eksisterande 300 kV-kraftlinja blir det bygget ei ny og større kraftlinje med 420 kV. Ny trasé vil gå vest for den noverande traseen, lengre vekk frå verneområdet. Det er eit breitt, klausulert ryddebelte langs den nye transmisjonsnettleidninga mellom Aurland og Sogndal. Denne er 38 meter brei, 19 meter til kvar side for senter av leidninga.

Klausuleringsbeltet vil bli rydda for skog med nokre års mellomrom. Senterpunktet for den nye kraftlinja vil være om lag 165 meter vest for verneområdegrensa for Frønningen naturreservat. Vi har teke ut ein vegstubb i endeleg vernekart for å unngå at vegen som er bygd i samband med kraftlinjearbeidet kjem innanfor grensa for naturreservatet.

Det er registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) innanfor området. Sagelvi har eit kraftpotensial på 3,15 GWh/år til ei utbyggingskostnad på 7,12 NOK/kWh på 2023-kostnadsnivå. Utanfor det føreslegne naturreservatet ligg Nybru (1,8 MW) og Lyngsete (0,5 GW), to prosjekt som grunneigar tidlegare har søkt om konsesjon for mogeleg kraftverksbygging. Konsesjonssøknaden vart den gong trekt, men sokjar nemnte då at prosjekta kunne bli aktuelle att i framtida.

#### Jakt og friluftsliv

Jakt både på hjort og elg er ein stor del av næringsgrunnlaget og rekreasjon på Frønningen. Det er også villrein på eigedomen. Grunneigar leiger ut jakthytter om hausten. Det er per dags dato om lag fem elgløyve i tillegg til jakt på hjort og rein. Det er noko fiske i Frønningsvotni, og grunneigar ønskjer å utvikle fisketurisme her. Vatnet er truleg «overbefolka» og grunneigar vurderer det som naturleg å utvide utleigesesongen av hytter til sommaren ved å satse på fisketurisme i tillegg til jaktturismen. Den samla belastinga på trafikk og ferdsel vil truleg være liten. Bygningane og vegnettet vil då kunne brukast til utleige ein del av året. Grunneigar har drive litt med fiskekultivering tidlegare.

Det er enkelte stiar i området, men det er relativt lite ferdsel i kandidatområdet. Ein sti går langs Bleieskaret mot Bleia og kryssar elva to gonger her. Det kjem folk årleg både sommar og på ski vinterstid over frå Lærdal/Vindedalen ned til Frønningen eller motsett veg, men det er langt å gå og ein del logistikk som skal klaffe. Truleg er det bygdefolk, jegerar og dyr som nyttar stiane mest. Det er noko villvarding langs stien, disse blir rydda av grunneigar med jamne mellomrom. Det er ei hytte på Nervedalen innanfor det føreslegne verneområdet. Det er eitt bygg der i dag, sjå figur 2. Nervedalen var opphavleg ein støl, men det vart sett opp ei hytte i staden for stølen etter at stølinga opphørte. Hytta brann ned, men vart bygd opp att. Dagens hytte har stått der sidan 1993.



*Figur 2 Nervedalen ligg inne i det tilrådde naturreservatet på Frønningen og blir ofte brukt i samband med jakt. Dagens hytte vart bygd i 1993. Foto: Vilhelm Rumohr*

#### Kulturminne

Vi har ikkje registrert kulturminne innafor vernegrensa etter søk på offentleg tilgjengelege databasar, men det utelukkar ikkje at det likevel kan vere kulturminne som ikkje er registrerte. Det er, jf. grunneigar, funne ei skafthulløks i området frå slutten av steinalderen eller byrjinga av bronsealderen. Det er også funne ei vikingøks og eit spyd frå perioden 600 – 1050 evt. Dei eldste gardane på Frønningen ligg på platået, og det er funne koplingar til kong Sverre på ein av disse gardane. Ein bygning nede ved fjorden er datert til før svartedauden.

#### Landbruk

Det er ikkje reindrift eller samiske interesser ved Frønningen.

Det har inntil nyleg vore sau på beite i det foreslegne naturreservatet. Det er markert traktorveg innanfor verneområdegrensa mot Nervedalen og nord i området, ved Frønningsvotni. Også litt opp mot Slumpen har vi markert traktorveg på vernekartet etter innspele frå grunneigar.

#### Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Lærdal kommune sin arealplan. Vi har ikkje fått innspele frå Lærdal kommune i ver neprosessen.

## SAKSHANDSAMING

### Sakshandsamingsprosesser

Grunneigar på Frønningen har, med ordninga frivillig skogvern, akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er Norskog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigar, og som har sett til at interessene til grunneigar blir ivaretakte.

Det tilrådde verneområdet på Frønningen er lokalisert på gards- og bruksnummer i Lærdal kommune. Tilboden kom oss i hende gjennom brev frå Norskog den 22. august 2019.

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Frønningen naturreservat	22.08.2019	08.02.2024	21.03.2024

I løpet av ver neprosessen har vi hatt annonser i både digitale avisar og i papiraviser. Vi legg vekt på å informere grundig på heimesidene våre.

Her er lenke til nettsida med oppstartsmeldinga: [Vi melder oppstart av frivillig skogvern ved Frønningen i Lærdal kommune | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Her er lenke til oppslaget vårt til høyringa: [Høyring av frivillig skogvern for Frønningena naturreservat i Lærdal kommune | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

I tillegg har vi denne informasjonen om frivillig skogvern på våre heimesider: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#).

### Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med utgreiingsinstruksen. I første og andre kapittel vert verneforslaget grunngjeve på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og

internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare blir forslaget omtalt kort om eventuelt kva som skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. Samfunnssnytta av verneforslaget vert vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar.

Forslaget blir også omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det underveis i verneprosessen vurdert justeringar i verneregler og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvalningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og innspel til verneframlegget.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldlova § 14 er dermed oppfylt.

## Forvalningsstyresmakt

Aktuelle kommunar skal, gjennom nye rutinar, gjennom høyringsprosessen gje tilbakemelding på om dei ønsker å få tildelt forvaltningsmyndighet for nye verneområde. Dette vil vere i tråd med gjeldande politikk på området. Forvalningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifter når området blir vedteke verna.

Statsforvaltaren oppmoda kommunen, i høyringa, om å uttale seg om kommunen er interessert i å overta forvalningsansvaret for naturreservata innanfor kommunen sine grenser. Vi har ikkje fått innspel frå Lærdal i denne saka, men fekk innspel frå Nærøyfjorden verneområdestyre, der styret uttalar seg positive til å ta seg forvalningsansvaret for eit eventuelt nytt verneområde på Frønningen. Vår erfaring er at dersom kommunen ikkje ønsker forvalningsansvaret kan verneområdestyret sende eit brev til Miljødirektoratet og tilby si rolle som forvalningsstyresmakt. Dersom det kjem uttale frå kommunen vil vi vidaresende svaret til Miljødirektoratet.

# VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

## Geografi

Vi har ikkje gjort større endringar på kartet etter oppstartsmeldinga, men det er gjort nokre mindre justeringar. Arealet er redusert frå om lag 17 283 dekar til 17 238 dekar.

Vernegrensa nord for Frønningsvotni er justert, slik at vernegrensa går langs vegen og ikkje i vegen. I tillegg er grensa justert nokre meter der slik at det skal vere mogeleg å snu bilen på ein snuplass. Vi har også endra vernekartet noko etter innspel frå grunneigar etter høyringa. Vi har justert vernegrensa litt i det sentrale området ved Sagelvi etter ønske frå grunneigar, i tillegg har vi, i det sørvestre hjørnet sørvest for Middagsnosi, utelete eit mindre areal i høgfjellet for å unngå å få ein veg inne i verneområdet. Vi har markert nokre trasear for traktorveg/ køyrespor på vestsida av Slumpen på vernekartet slik at kart og terrell stemmer betre overeins etter ønske frå grunneigar som vil framleis bruke disse til å frakte ut felt elg,

hjort og rein med traktor/ATV, jf. verneforskrifta. Slik kan også verneforskrifta vise til vernekartet for disse traktorvegane.

## Verneforskrifta

Mellan oppstart og høyring fjerna vi ein heimel om elektrisk båt, og presiserte ein annan heimel:

- I oppstartsmeldinga var det i utkast til verneforskrift opna for å bruke båt med elektrisk påhengsmotor på Frønningssvotni i samband med fiske. Fordi det visar seg at Frønningssvotni er mindre enn 2 km<sup>2</sup> er det ikkje lov, jf. lov om motorferdsel i utmark, å bruke båt med motor på vatnet, heller ikkje med elektrisk påhengsmotor. Vi fjerna denne heimelen i høyringsframlegget.
- Då vi markerte nokre vegstubar på vernekartet jf. ønske frå Norskog/grunneigar førte dette til at sykling, riding og bruk av hest og kjerre, som elles ikkje hadde vore lov, ville bli lov på disse konkrete vegstubbane. Vegar som skal kunne nyttast for å frakte ut felt elg, hjort og rein er også opne for sykling, riding og bruk av hest.
- I utkast til forskrift § 7 bokstav k falt det ut eit ord ved ein inkurie, så vi har lagt inn (i feit skrift) «naudsnyt **motorferdsel** til transport av ved, ...». Ordet motorferdsel hadde falt ut i den tidlegare formuleringa.

Etter høyringa har vi lagt inn nokre endringar for å tilpasse forskrifta til malen for verneområde for tema som gjeld kraftleidningar. I verneforskrifta for Frønningen er det såleis lagt inn slike formuleringar etter innspeil frå Statnett:

- Ny heimel § 4 bokstav k: Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.
- Ny heimel § 4 bokstav l: Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, eller fjerning, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane i verneføremålet nemneverdig.
- Ny heimel § 6 bokstav d: naudsnyt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- Ny heimel § 7 bokstav m: Oppgradering og fornying av kraftleidningar, eller fjerning, som ikkje fell inn under § 4
- Ny heimel § 7 bokstav n: Naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, oppgradering og fornying, eller fjerning, av eksisterande kraftleidning.
- I tillegg har vi fjerna den geografiske formuleringa «ved Frønningssvotni» i forskrifta § 6 bokstav b, og lagt inn formuleringa «markert på vernekartet» i staden.
- Namnsettinga er endra frå Nervedalsstølen til Nervedalen sidan det ikkje er ein støl lengre, men det er ei hytte der. Namnet stemmer også med namnsettinga på kart.

## Namn

Vi tilrår at namnet på verneområdet blir *Frønningen naturreservat*. Namnet er uendra gjennom verneprosessen og Språkrådet tilrår også dette namnet.

# FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

## Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar



*Figur 3 Store, intakte skogområde med høg alder og store tre gjev livsgrunnlag for sjeldne, truga og sårbare artar. Jo større tre, jo betre plass til ulike nisjar og artar som trivst der. Storleik er også ein viktig kvalitet i verneområde fordi store område dekker fleire nisjar og er meir robuste for omkringliggjande endringar enn små område.*

denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

### Forvaltningmessige og budsjettmessige konsekvensar

Staten vil ta på seg kostnadene som følgje av etableringa av Frønningen naturreservat, med utgifter til både forvaltning og skjøtsel for å halde oppe og styrke verneverdiane. Det er ikkje gran eller andre framande treslag verken innanfor eller i nærleiken til det tilrådde

Området er avsett til Landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartlegging av naturverdiane er gjennomført av Rådgivende biologer i samband med tilbodet om frivillig skogvern, og som har blitt lagt til grunn i kunnskapsgrunnlaget for verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslaget.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Vi meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har få negative konsekvensar. Samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive. Det tilrådde området vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om


verneområdet, dette gjer at det blir få utgifter til skjøtsel samanlikna med andre verneområde.

Det kan bli utarbeida ein forvaltingsplan for naturreservatet med nærmare retningslinjer for bruk, vern, oppsyn og gjennomføring av skjøtsel.

## Avvegning skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltingstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for virket og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar. I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Tilbodet frå grunneigarane på Frønningen om frivillig skogvern kom oss i hende før 1. februar 2022. Området blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.



Figur 4 Frønningen naturreservat er markert gult på kartet og grensar til Bleia naturreservat (markert raudt) og Bleia-Storebotn landskapsvernombord (markert grønt, sør for Frønningen). Begge disse, samt resten av verneområda i Nærøyfjordområdet er forvalta av verneområdestyret. Frønningen vil inngå i eit større nettverk av verneområde i indre Sogn, alle markert med raudt (naturreservat) eller grønt (landskapsvernombord).

## Forvaltningsstyremakt

Lærdal kommune har førebels ikkje teke stilling til om dei ønskjer å overta som forvaltningsstyremakt for Frønningen naturreservat. Kommunen har ikkje signalisert ønskje om å få delegert slik myndighet i andre frivillig skogvernsaker vi har hatt i Lærdal det siste året. Vi sendte ein førespurnad til kommunen under høyringa og vil vidaresende denne dersom vi mottek innspel i saka.

Vi vil tilrå at Nærøyfjorden verneområdestyre får delegert forvaltningsmyndigheita, då verneområdestyret har forvaltningsmyndigheita for to tilgrensande verneområde, både Bleia-Storebotn landskapsvernombord og Bleia naturreservat, i tillegg til fleire andre i nærleiken, som t.d. Nordheimsdalen naturreservat og Nærøyfjorden naturreservat. Sjå figur 4.

Nærøyfjorden verneområdestyre er positive til å ta på seg forvaltningsansvaret for Frønningen naturreservat.

## Skildring av Frønningen, med merknader


Totalareal 17 238 dekar.

Skogareal totalt om lag 7155 dekar.

Produktiv skog om lag 7123 dekar.

### Verneformål og særskilte verneverdiar

Frønningen ligg i ei nordvendt li i slakt hellande terreng i den vestlegaste delen av Lærdal kommune, sør for Sognefjorden. Arealet er noko brattare i nord, ned mot fjorden, og grenser i aust mot Bleia naturreservat. I sør/søraust grenser kandidatområdet mot Bleia-Storebotn landskapsvernombord. Frønningen grensar mot Aurland kommune i sør. Arealet går frå om lag 200 til over 1000 meter over havet.



*Figur 5 Tilbodsområdet for frivillig skogvern på Frønningen husar daud ved i alle nedbrytingsfasar. Data frå NTNU dokumenterer at enkelttre starta å spire allereie på 1100-talet, om lag den tida då Urnes stavkyrkje vart bygd og slaget på Fimreite avgjorde kongemakta. Foto: Vilhelm Rumohr*

Området er uvanleg stort i skogvernsamanheng. Lokaliteten ligg tilgrensande eksisterande verneområde og har gjennomgående god tilstand med god kontinuitet med død ved. Det er registrert eit par raudlista artar, blanknål og rustdoggnål, med status som nær truga. Det er potensiale for fleire raudlista knappenålslav og kontinuitetskreyjande sopp tilknytt daud ved og gamal barskog. Den dominerande naturtypen er gamal barskog, i utforming gamal furuskog. Furu dominerer, men det er også innslag av bjørk. Langs bekkane er det noko rikare vegetasjon med til dømes gråor og karplanteflora som fugletert og hengjeveng. Vegetasjonen vekslar mellom blåbærskog, bærlyngskog og lauvskog. Skogen er dominert av storaksne, grove furutre, og det er gjennomgående mykje daud ved i alle nedbrytingsstadium.

Det er registrert brannspor på dei eldste keloelementa (også kalt sølvfuruer) i området vi foreslår til vern. I dei høgareliggjande partia finn vi spesielt gamle furuer, og jamfør dentrokronologiske data innsamla av NTNU har enkelttre vore i vekst allereie på 1100-talet, samstundes som då Urnes stavkyrkje vart bygd. Rapporten fra NTNU er tilgjengeleg på våre nettsider. Også bjørketrea syner høg alder. Naturtypeavgrensinga er vurdert til å ha A-verdi, som tilsvarar nasjonal verdi.



Figur 6 Brannspor kan ein sjå nedst på denne furustammen. Området vi foreslår til vern hadde brannspor på fleire gamle tre. Mange raudlista artar er avhengig av brann for å fullføre livssyklusen sin. Foto: SFVL

Større tekniske inngrep er nesten fråverande og det er få spor etter tidlegare hogst innanfor avgrensinga. Det er heller ingen framande artar i området, som ofte er utfordrande dei fleste områder der vi vernar skog. Delar av området er samanfallande med leveområdet til villreinen i Nordfjella. I det tilrådde naturreservatet er det også registrert ein naturtypelokalitet i form av ei låglandsmyr med C-verdi. Denne vart registrert i 1984 og er intakt, men vil ikkje bli omtalt vidare sidan den er mindre relevant for skogvernet.

Vi vurderer Frønningen til å dekke manglar i skogvernet i Vestland. Sjølv om arealet er relativt høgtliggjande og vi allereie har god dekning av naturtypen gamal furuskog i fylket, har kandidatområdet Frønningen særskilt gamle tre, det er uvanleg stort og ligg tilgrensande både eksisterande naturreservat, landskapsvern og verdsarv. Området har middels til høg bonitet i dei

skogkledde areala, og har A-verdi (regional til nasjonal verdi etter metodikken skildra i DN-håndbok 13). Evalueringa av skogvernet frå 2016 vurderer at det trengs fleire store, samanhengande område og med høg bonitet. Vi vurderer såleis Frønningen som verneverdig.

Føremålet med vernet er å ta vare eit stort, samanhengande skoglandskap som inneholder eit mangfald av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar. Området inneholder også trua, sjeldan og sårbar natur med gamal skog i alle stadium og mange store og særmerkte tre. Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

## Inngrepssstatus og andre interesser

Det er nokre få traktorvegtrasear innanfor verneområdet, men disse strekk seg ikkje langt inn. Disse vil kunne nyttast til sykkel, riding og å frakte ut felt elg og hjort med terrenggåande beltekøyretøy eller traktor/ATV.

Om lag 165 meter frå vernegrensa i vest vil den nye 140 kV-linja mellom Aurland og Sogndal gå. Vi vurderer at avstanden sikrar ein buffer slik at drift, vedlikehald og eventuell oppgradering av linja vil kunne gå føre seg utan å påverke naturreservatet. Vi har likevel lagt inn alle standard heimlar for kraftlinjer som gjeld drift, vedlikehald, motorferdsel i tilfelle akutt utfall, med vidare, i verneforskrifta, i og med at disse gjeld kraftlinjer *i og inntil verneområde*. Dette er gjort etter innspel frå Statnett.

## Samandrag av høyringsinnspela

Verneplanen vart sendt på høring til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Fiskeridirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, Landbruksdirektoratet, Vest politidistrikt, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, Vestland fylkeskommune, Luftfartstilsynet, Avinor, Kystverket, NTNU, Høgskulen på Vestlandet, Norsk institutt for bioøkonomi, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag, Det norske skogselskap, Den Norske Turistforening, Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Fortidsminneforeningen, Friluftslivets Fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for naturforskning, KS - Kommunesektorens organisasjon, Natur og ungdom, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Dykkeforbund, Fiskarlaget Vest, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norsk Biologforening, Norsk Bergindustri, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS, Norsk Ornitologisk Foreining, Norges Dykkerforbund, Norsk Sau og Geit, Norskog, Norsk Zoologisk Foreining, Sabima, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Technogarden, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet, WWF Verdens naturfond, Naturhistorisk museum, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Vegdirektoratet, Stadnamntenesta på Vestlandet, Norges Jeger- og Fiskerforbund avd. Sogn og Fjordane, Lærdal kommune, Verdsarvkoordinator for Nærøyfjordområdet, Nærøyfjorden verneområdestyre, Lærdal fjellstyre, Lærdal Jeger og Fiskarlag, Lærdal Røde Kors, Frønningen skog, Norskog, Sygnir Lærdal og Sygnir AS.

Det kom inn 7 innspel til oppstartsmeldinga. To av disse, frå Nærøyfjorden verneområdestyre og frå Statnett, vart først ikkje registrert på den rette skogvernsaka i vårt arkivsystem og er såleis ikkje omtalt i høyringsdokumentet. Disse vart identifisert og lagt på rett mappe etter at høyringa var sendt ut og er omtalt i dette dokumentet. Vi fekk to innspel til høyringa. I tillegg har Norskog hatt innspel om justeringar på grenser og traktorvegar undervegs i prosessen, også etter høyringa og før tilrådinga frå oss. Innspel frå eksterne aktørar er omtalt under.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel om traktorvegar og ferdsselsvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i uformingo av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interessert det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Statens vegvesen skriv i sitt innspel at det ikkje er offisielle vegar i eller nær området og at Statens vegvesen difor ikkje har merknadar til oppstartsmeldinga eller til høyringa.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga og tilrår å nytte namnet Frønningen naturreservat.

Nærøyfjorden verneområdestyre sitt innspel til oppstartsmeldinga vart ikkje registrert på rett sak før høyringa vart sendt ut, dette er no retta opp. Vi har hatt telefon- og e-postkontakt med verneområdeforvaltar under høyringsperioden. Nasjonalparkstyret er positive til oppstart av vern og stiller seg positive til å ta på forvaltningsansvaret for eventuelt nyt verneområde på Frønningen.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) skriv at det føreslegne verneområdet grensar til transmisjonslinja mellom Aurland og Sogndal, der det blir bygd ei ny, parallel linje som skal erstatte dagens linje. NVE ber Statnett om å uttale seg om det er behov for tilpassingar i verneforskrifta som trengs i samband med linjearbeidet eller den seinare driftfasen. NVE oppmodar Sygnir, nettselskapet som har områdekoncessjon i området, om å kommentere verneframlegget med tanke på eksisterande og framtidige prosjekt, også i tilfelle utan konflikt. NVE skriv vidare at det er kartlagt digitalt småkraftpotensial i Sagelvi på 3.15 GWh/år til ei utbyggingskostnad på 7,12 NOK/kWh på 2023-kostnadsnivå, og ber Statsforvaltaren om å informere grunneigar om dette. Nedanfor det føreslegne naturreservatet ligg Nybru (1,8 MW) og Lyngsete (0,5 GW), to prosjekt som grunneigar har søkt om koncessjon for mogeleg kraftverksbygging tidlegare. Koncessjonssøknaden vart den gong trekt, men sokjar nemnte då at prosjekta kunne bli aktuelle att i framtida. NVE skriv også til høyringa og etterlyser Statnett si uttale, men denne har vi fått.

Sygnir skriv i sitt innspel at dei ikkje har verken nettanlegg eller planar om nye nettanlegg i det planlagde verneområdet på Frønningen.

Statnett sitt innspel til oppstartsmeldinga vart ikkje registrert på rett sak før høyringa vart sendt ut, dette er no retta opp. Vi har hatt telefon- og e-postkontakt med sakshandsamar under høyringsperioden. Statnett er rettshavar på linja som ligg inntil verneområdet, og hadde nokre merknadar til skogvernet. Det er ein eksisterande 300-kV transmisjonsleidning mellom Aurland og Sogndal som har eit klausulert ryddebelte på 38 meter, eller 19 meter til kvar side frå senterlinja. Dette klausuleringsbeltet blir rydda for skog med nokre års mellomrom. Statnett har då også rett til å felle tre om naudsynt i sideterreng utanfor ryddebeltet av omsyn til forsyningstryggleiken til linja. Statnett skriv at avgrensinga av verneområdet må ta omsyn til eksisterande og framtidige transmisjonsnettanlegg. Det er

arbeid på gang no for ei framtidig, ny linje parallelt med den eksisterande linja. Leidningstraséen for den nye 420 kV-linja skal gå om lag 200 meter vest for dagens trasé, skriv Statnett. Med den nye traseen på plass vil dagens trasé bli frigitt for naturleg gjengroing. Statnett ber om at gamle traseen og vegen blir heldt utanfor verneområdet og at verneområdegrensa ikkje blir lagt nærmare enn 80 meter frå senter av dagens trasé av 300 kV transmisjonsnettleidninga, av omsyn til naudsynt drift og mogelegheitene for framtidig utvikling av transmisjonsnettet.

Statnett påpeiker at verneforskrifta må ivareta naudsynte omsyn til drift og utvikling av transmisjonsnettanlegget og gje mogelegheit for oppgradering og fornying, til dømes heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnitt. Det er av vidare viktig at forskriften inneholder eit unntak for tiltak knytt til drift og vedlikehald i og inntil verneområdet. Statnett uttrykker uro over meirarbeid knytt til det store talet verneområde og at omfanget av søknader for drift og vedlikehald vil samla gje Statnett eit betydeleg meirarbeid som kan forseinkje og komplisere leidningsdrifta og dermed også forsyningstryggleiken i samfunnet. Etter at Statsforvaltaren fekk dette skriftlege innspelet har vi hatt telefon- og e-postkontakt, og sakshandsamar i Statnett fekk ei oppdatert verneforskrift den 27.05.2024 og kunne stadfeste at innspelet deira er følgt opp.

### Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet er ivaretakne i den framlagde forskriften som er utarbeidd i dialog med grunneigar. Det er ein stol, Nervedalen, i området som det vil vere mogeleg å halde ved like. Nokre vegtrasear av ulik alder og tilstand går inn det tilrådde området, disse vil det vere mogeleg å nytte til å frakte ut felt storvilt med spesifiserte motorkøyretøy. Disse er elles omfatta av lov om motorferdsel i utmark, med den bruk som føl av lova. Brukarinteressene er elles greidd ut i tilrådinga.

Vi tek innspelet frå Statens vegvesen (SVV) til orientering.

Vi legg innspelet frå Språkrådet til grunn og tilrår namnet *Frønningen naturreservat*.

Vi tek Nærøyfjorden verneområdestyre sitt innspel til vitande og vil tilrå at forvaltningsansvaret blir delegert til styret. Dersom ikkje Lærdal kommune ønsker forvaltningsansvaret vil vi oppmode verneområdestyret til å sende ein skriftleg førespurnad direkte til Miljødirektoratet, då det er Miljødirektoratet som delegerer forvaltningsstyrestrukta. Dersom Nærøyfjorden verneområdestyre blir delegert ansvaret for å bli forvaltningsstyrestrukta vil dette gå direkte fram av den endelige verneforskrifta.

Statsforvaltaren følte opp NVE sitt innspel. Statnett og Sygnir var kopimottakarar av brevet frå NVE, og vi sendte høyringa til Sygnir i lag med andre mottakarar av høyringa.

Etter innspel frå Statnett har vi inkludert standardformuleringar om kraftlinjer i verneforskrifta og lagt inn ein bisetning som skal gjere det enklare også å fjerne kraftleidning som ikkje lengre er i bruk.



*Figur 7 Nærbilete frå vest i Frønningen kandidatområde for skogvern. Det gule er verneområdet, og nærast parallelt går dagens linje med 300 kV, der ser ein kablane gjennom lufta. Parallellell i vest er den nye linja med 420 kV, der er ikkje kablane strekt enno, men traseen er rydda. Dei blå linjene er avstandsmålingar, med hhv 175 og 25 meter til verneområdegrensa.*

Jamfør malen for frivillig skogvernforskrifter omhandlar bestemmingane kraftlinjer ikkje berre i, men også *inntil* verneområde. Slik vi tilrår vernegrensa no vil den nye kraftlinja (420 kV) ligge med senterlinja om lag 175 meter vest for Frønningen naturreservat. Frå dagens kraftlinjetrasé, som vil, etter omlegginga blir frigitt for naturleg gjengroing, er det berre om lag 25 meter frå senterlinja til verneområdegrensa. Vi ser ikkje at det er naudsynt å flytte verneområdegrensa opp mot 55 meter austover for å etterleve Statnett sitt ønskje om 80 meter mellom senterlinja på *dagens trasé* og verneområdegrensa når dagens trasé likevel skal gro att og går tilbake til naturleg utvikling. Vi vurderer at den viktige bufferen er mellom verneområdegrensa og den nye kraftlinjetraseen. Det klausulerte ryddebeltet på 19 meter til kvar side av den nye traseen vil vere ein god buffer med kring 156 meter unna grensa. Det er likevel ein stund til den nye traseen er ferdig og den gamle vert frigitt. Vi vurderer at dei nye heimlane for kraftlinjene som forskrifta § 4 bokstav k og bokstav l, med ei bisetning også om fjerning vil kunne dekke arbeidet knytt til nedtaking av dagens trasé slik at arbeidet ikkje blir forseinka eller kompliserande. Alternativet ville ha vore å redusert verneområdet i vest med fleire titals meter, noko som ville ha gått ut over storleiken på vernet og naturverdiane i dette området. Tilkomsten til arbeidet på ny og dagens linje er vestfrå og vil i utgangspunktet ikkje måtte gå inn i naturreservatet, men med denne tilpassinga av verneforskrifta vurderer vi at Statnett har naudsynete rammer for å kunne drive forsyningstryggleiken i samfunnet.

## Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Frønningen naturreservat, det har ikkje komme innspel på andre namn i verneprosessen.

## Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som bak i dette dokumentet.

## Verneforskrift

Statsforvaltaren tilrår verneforskrifta som på neste side i dette dokumentet.

## Tilråding

Vi tilrår at området Frønningen blir verna som naturreservat.

## Framlegg

### Forskrift om vern av Frønningen naturreservat, Lærdal kommune, Vestland fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2024 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

#### § 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit stort, samanhengande skoglandskap som inneholder eit mangfold av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar. Området inneholder også trua, sjeldan og sårbar natur med gammal skog i alle stadium og mange store og særmerkte tre.

Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

#### § 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.: Lærdal kommune: 129/1.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 17 238 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Lærdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### § 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp, inkludert lav eller deler av disse, frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna koncentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

#### § 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting.
- b) Sanking av bær, nötter og matsopp.
- c) Bålbrann med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- e) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- f) Varsam rydding av småbusk og kvist i siktgater i samband med storviltjakt.
- g) Vedlikehald av eksisterande bygningar, traktorvegar, gjerde, installasjoner og anlegg i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- h) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- i) Varsam rydding av eksisterande stiar, jf. tilstanden på vernetidspunktet.
- j) Utsetjing av saltstein.
- k) Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og intil verneområdet.

- l) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, eller fjerning, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane i verneføremålet nemneverdig.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande traktorvegar markert på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding er forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak fra ferdselsreglane)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Ansvarleg naturoppsyn for verneområdet skal ha melding i førekant av køyring.
- b) naudsynt uttransport av felt elg, hjort, rein og villsvin med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor og ATV på traktorvegar markert på vernekart.
- c) landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.
- d) naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d.
- b) Bruk av naturreservatet til naturbasert reiselivsverksemd.
- c) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- d) Istandsetjing, vedlikehald og naudsynt skjøtsel av kulturminne.
- e) Kontrollert hogst av tre som er til ulempe for bygninger og anlegg.
- f) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort og rein med anna motorisert transport enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 andre ledd bokstav b.
- g) Rydding av mindre tre, busk og kratt på Nervedalen for å ivareta setervollen tilsvarande som på vernetidspunktet.
- h) Oppsetting av utedo på Nervedalen.
- i) Merking og rydding av eksisterande stiar, nye stiar og oppsetting av turpostar.
- j) Oppsetting og vedlikehald av gjerde i samband med § 4 a.
- k) Naudsynt motorisert transport av ved, material og utstyr til hytta i Nervedalen.
- l) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 bokstav g, j og § 7 bokstav c, d, h, j.
- m) Oppgradering og fornying av kraftleidningar, eller fjerning, som ikkje fell inn under § 4
- n) Naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying, eller fjerning, av eksisterande kraftleidning

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

**§ 9. (skjøtsel)**

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

**§ 10. (forvalningsplan)**

Det kan utarbeidast forvalningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvalningsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11. (forvalningsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som er forvalningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

**§ 12. (ikraftsetjing)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.